



Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Rogaland
fmropost@fylkesmannen.no

23. september 2020

KLAGE – LØYVE TIL UTSETTING AV UTANLANDSK TRESLAG TIL SKOGPRODUKSJON PÅ GNR/BNR 47/24 STRAND KOMMUNE

Vi viser til sak 2019/8722, vedtaksdato 22.7.2020.

Vedtaket er dagsett 22.7.2020 og gjort kjent gjennom miljøvedtaksregisteret 4.9.2020. Vi har bede om dokumenta i saka 4.9.2020. Desse fekk vi 7.9.2020, datoen vi reknar klagefristen frå.

Vi viser vidare til vår førebelse klage dagsett 8.9.2020.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut japanlerk på den aktuelle staden.

I vilkåret for løyvet var det sett krav om at klagefristen skal vere ute før det kan bli planta. Det er eit godt prinsipp, men det er ein føresetnad at vedtaket blir kunngjort som det skal. Vi vil oppmode om at dette blir forbetra, slik at det aldri blir planta før denne typen saker er endeleg avgjort.

Om arealet som er ønska tilplanta

Arealet består av beite. Søkjar nemner vegetasjonen som sølvbunke og krypande einer, noko som er usannsynleg artsfattig. Det er likevel meir opplysende enn Artskart, som har like mange registreringar her som i Antarktis, altså 0. Ved Fylkesmannen si synfaring kjem det fram nokre fleire opplysningar. Ut frå dette ser det ut til å dreie seg om eitt av mange beiter som i dag ikkje beitast noko større. Synfaringa var 24.6.2020. Dermed finst det ikkje i det heile opplysningar om beitemarksopp. På slike lokalitetar som dette er det ofte at det er beitemarksopp som skil mellom dei ordinære og dei spesielle lokalitetane. Når det gjeld

Naturvernforbundet
Mariboegate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboegate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no

kvalitet i NiN-systemet har vi gjort ei vurdering ut frå opplysningane som ligg i saka. Ut frå opplysningane ser det ut som tilstand kjem ut med dårleg (som følgje av at det ikkje går beitedyr der). Naturmangfaldvurderinga kjem ut med stort, knytt til areal. Dette blir til saman moderat kvalitet. Semi-naturleg eng er vurdert som sårbar (VU), og det er eit visst potensial for raudlista beitemarksopp som altså ikkje er undersøkt.

Om areal nær ved

Artskart har tre registreringar av åkerrikse i området Heia på 1990-talet, vest for omsøkte område. Åkerrikse er kritisk truga (CR) og er avhengig av ope grasmark. Det er uklart om åkerriksa har vore fråverande på staden sidan 1990-talet, eller om det ikkje er gjort registreringar. Tilplanting med skog i området dei siste tiåra kan ha noko med dette å gjere. Bestanden av åkerrikse er elles så låg at det er mange område som er aktuelle å ta i bruk igjen viss bestanden aukar, vel å merke viss områda framleis er brukande. Registreringane på Heia er elles dei siste som er gjort av åkerrikse i Strand kommune. Då kan ein tru at dette også var det mest eigna området i si tid, midt på 1990-talet. Omsøkte område skulle ha vore vurdert som mogleg habitat for åkerrikse. Flybiletet frå 1971 viser heile dette området som snaumark. Tilplanting har etter kvart endra dette, og ytterlegare tilplanting må takast med i vurderinga av sumverknad. Ny tilplanting vil klart vere negativt med tanke på åkerrikse.

Det er i synfaringrapporten sagt noko om ulike plantefelt. Det er ikkje sagt noko større om alder på desse, slik at ein kan få ein oppfatning av kor lang tid det vil gå til ein får hogst og valmoglegheit om ein skal halde fram med skog eller ikkje. Plantefelta vest og nord for omsøkte areal viser som etablerte plantefelt på flybiletet frå 2003. Planting som omsøkt no kan føre til at påverkinga av lerk vil vare ytterlegare 30 år, ei ikkje ubetydeleg auke.

Vindspreiing

Det som er sagt om hovudvindretning og risiko for frøspreiing meiner vi ikkje er tilstrekkeleg for å unngå vesentlege ulemper. Bestandet det her er tale om kan vere frøproduserande i 50 år, og i løpet av den tida er det sannsynleg at det vil bli ein del frøspreiing også i andre retningar enn hovudretninga. Det er det i liten grad tatt høgde for.

Sjølv om den store mengda av frø har kortdistansespreiing, så er det langdistansespreiing av nokre ganske få individ som over tid truleg kan få størst verknad. Slike individ kan bli ståande på stader der dei ikkje blir funne, og får dermed spreie seg i fred i årevis. Dermed får ein ei sekundærspreiing som ein må ta med i vurderinga av verknad.

Elles bør ein moglegvis gjere nokre nye vurderingar av føresetnadene for vindspreiing. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har gjort kartlegging av frøspreiing av lutzgran i Hustadvika kommune¹. Der er det det ein del frøspreiing som er vanskeleg å forklare ut frå

¹ 2020.05.31 Rapport - granskog på Stemshesten. 12 sider.

den dokumentasjonen som vanlegvis blir brukt. Det er i alle fall ikkje usannsynleg at det same kan gjelde Rogaland og japanlerk.

Det blir også omtala i synfaringsrapporten til Fylkesmannen at det er noko attgroing av snauareala i høgareliggende område. Det har sikkert fleire årsaker, men fører til at artar som trivst eller er avhengige av slike opne fjellareal lever under press. Spreiing av japanlerk til slike område vil forsterke ein negativ trend for slike artar. Synfaringsrapporten seier noko om frøspreidd lerk, men er litt vag på art og stad. Desse opplysningane hadde vore enklare å bruke om dei var tilgjengelege på Artskart. Men dei fortel at lerk kan spreie seg i området, og at det ikkje har vore nokon som har sett det nødvendig å gjere noko med det så langt.

Tilhøve for spiring

At japanlerk er så lyskrevjande at dette hindrar spreiiing er mangelfullt og feil. Alle areal har sine «lyse øyeblikk», og det er meir enn nok til at japanlerk kan etablere seg. Kvar gong det skjer noko med eit skogsareal som i utgangspunktet er for mørkt for frøspreiing, så er japanlerka klar til å sleppe sine frø. Om det har blitt eit hol i skogen av ei rotvelte, er hogd litt, blir trakka opp ein sti eller noko anna, så er det nok til at det kjem ei ny japanlerk². Japanlerk har kortvarig historie hos oss, men det vi ser så langt er at japanlerk har omtrent same evne til spreiiing som europalerk. Den største forskjellen er at europalerka har vore hos oss 100-150 år lenger enn japanlerka.

Naturmangfaldlova § 14

Det er sagt noko om klimaeffekt og trelastkvalitet som må vere ein del av ei vurdering etter naturmangfaldlova § 14. Ein skal merke seg at rettleiaren til forskrifta om framande treslag er klar på at andre samfunnsinteresser ikkje kan oppvege for uheldige følgjer av framande treslag, jf. kommentaren til § 7:

«Tredje setning i bestemmelsen setter en absolutt grense for når myndighetene kan gi tillatelse til utsetting. Dersom det er grunn til å anta "vesentlige uheldige følger" for det biologiske mangfoldet, har myndighetene ikke lov til å gi tillatelse til utsetting. Det trenger ikke å være sannsynlighetsovervekt for at vesentlige uheldige følger vil inntre. Dette gjelder selv om andre viktige samfunnsinteresser taler for en tillatelse.»

Avtale om rømlingar


Ordninga for å fange rømlingar meiner vi har feil føresetnader og at dette kan bli vanskeleg å gjennomføre. Dessutan må tinglyste avtalar vere på plass før utplanting i så fall. I Hustadvika kommune har Naturvernforbundet prøvd å få løyve hos ca. 80 grunneigarar i sameige, og etter eit par månader fått 2 avtalar, delvis med vilkår.

²Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (2016) Japanlerk og hybridlerk – planta og spreidd i Møre og Romsdal. 22 sider.

At løyvet er gyldig i så lang tid som 5 år meiner vi det ikkje er heimel for. Heimelen gjeld for juletre og ikkje for skogproduksjon. Ved løyve gjeve no bør det vere mogleg å plante våren 2022.

Opplysningar i klaga


Søklar seier noko viktig om området i punkt 19 i søknaden:



Det veks ikkje tre på omsøkt område.
Det er berre Lerk som kan vekse på dette området, andre treslag veks ikkje her.

Vi er ikkje sikker på om denne påstanden er rett. Er han rett, så tyder dette at beitemarka vil halde seg opa viss det ikkje blir planta lerk der.


I punkt 20 kan det verke som det veks furu i området:



Vi tek vare på bekk / elv gjennom området ytter kant, her skal all naturleg furu stå igjen slik som i dag.

Kan det vere at norsk furu er eit alternativ viss arealet skal plantast til og at ein ikkje treng å bruke lerk? Fylkesmannen nemner elles at det finst litt bjørk.

I punkt 21 gir søklar uttrykk for korleis han ser på spreiring av lerk:



Det er no. dage dato ikkje problem med spreiring på etablerte felt i området, så vi anser spreiring som eit ikkje problem. Området vi søker på

Det tyder vel anten at søklar ikkje har sett spreiring av lerk, eller at han kjenner til spreiring av lerk, men ikkje reknar dette som noko som må gjerast noko med. Når ein samanliknar dette med synfaringsrapporten, så kjem det fram eit viktig avvik: «...naturbeitet og dei tørre standane er det betydeleg oppslag av ung og noko eldre lerk. Der kjeldene for frø med stor grad av truverd ligg mellom 100 og 150 m ifrå.»

Det ser ikkje ut til at Fylkesmannen har synfart snaumarka høgare opp, og det er ikkje noko på Artskart som fortel om det er gjort registreringar. Følgjeleg så er det ingen som veit noko om spreiring av lerk over lengre avstandar i dette området. 3 km NNV for omsøkte område ligg edellauvskogslokaliteten Almåsen. Den lokaliteten vil ikkje ha godt av at det kjem lerk dit. Direkte spreiring er kanskje ikkje sannsynleg, men lokaliteten vil fort vere utsett for sekundærspreiring om nokre år.

Når ein ikkje veit kor mykje lerka spreier seg i området, er det vanskeleg å vurdere ulempene med dette, og avvik i spreinga vil systematisk føre til for liten negativ verknad.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond